



Arne Johannes Riisnes
Fensfjordvegen 618
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/796 - 21/10451

Sakshandsamar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no


Dato:
15.12.2021

Kunngjering av oppstart av reguleringsplan og framlegg til planprogram for reguleringsplan for Hosteland Vest - ettersending

De vert med dette varsla at kommunestyret i møte den 02.12.2021 ga fullmakt til ordførar om å senda framlegg til planprogram (sjå vedlegg) ut på høyring i samsvar med plan – og bygningslova sin § 4-1, sjå vedlegg, samt godkjenna oppstart av reguleringsplan for Hosteland Vest. Dette vert gjort med heimel i plan- og bygningslova sin § 12-9 og § 12-8. Føremålet med planarbeidet er å regulera inn bustadtomter med tilhøyrande veg, infrastruktur, leikeareal, friluftsområde og småbåthamn med vidare.

Planprogrammet informerer nærmare om bakgrunnen for planarbeidet, medverknad, organisering og prosess. Viktige problemstillingar for planarbeidet vert og drøfta, samt framlegg til konsekvensutgreiing. Planprogrammet har med illustrasjonar og kartteikningar, som viser korleis ein ser for seg at området kan bli regulert. Føremålet med planarbeidet er å regulera inn bustadtomter med tilhøyrande veg, infrastruktur og småbåthamn.

Nedunder er framlegg til planavgrensing vist:



Planprogrammet ligg og på heimesida til Masfjorden kommune frå 15.desember 2021 – 28. januar 2022 under høyringar.

Eventuelle innspel til planarbeidet og/eller til planprogrammet kan sendast på e-post til postmottak@masfjorden.kommune.no, eller i brev til Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes innan 28. januar 2022. Elektronisk merknadskjema er og å finna på Masfjorden kommune sine heimesider om ein ønskjer å nytta det.

Med helsing

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Planprogram Hosteland Vest i Masfjorden kommune - framlegg av 10.12.2021 - pdf

Mottakarar:

Arne Johannes Riisnes	Fensfjordvegen	5986	HOSTELAND
	618		
Hosteland Grunneigarlag v/ Arne J. Riisnes			
Odd Henning Midtbø	Yndesdalsvegen 51	5986	HOSTELAND
Turid Rekve	Yndesdalsvegen 40	5986	HOSTELAND